



Mottakarar i følgje liste

SAKSHANDSAMAR: ALF ERIK RØYRVIK

ARKIVKODE: 2011/2172 - 432.2

DATO: 27.09.2012

ÅLFOTBREEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - PROTOKOLL STYREMØTE 3/12

Styremøte 3/12, Styret for Ålfotbreen landskapsvernombåde

Tid: torsdag 20.09.2012 kl 10.00 – 13.00

Stad: Sandane Næringshage, Sandane

Desse møtte:

Ola Tarjei Kroken (styreleiar)

Nina Klara Grotle

Bengt Solheim-Olsen

Anita Nybø

Frå forvaltninga:

Alf Erik Røyrvik (referent)

Saksliste:

10/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

11/12 Godkjenning av protokoll frå førre møte

12/12 Investering i jernhest

13/12 Orienteringssak – Status på tiltak og prosjekt 2012

14/12 Orienteringssak – Komande tiltak og prosjekt

15/12 Bestillingsdialog 2013

16/12 Ymse

10/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste til dagens møte.

Merknader:

- Møtet skulle i utgangspunktet vore i Bremanger i følgje møteplanen. Men vart flytta til Sandane grunne tett møteplan for representanten frå Gloppen. Neste møte skal vere i Bremanger.
- Tilkomen sak under Ymse: Styret må skifte namn for å få eit namn i tråd med retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning

Vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste, med merknadane ovanfor.

11/12 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner protokoll frå det førre møtet. Styreleiar og minst 2 styrerrepresentantar skriv under protokollen.

Vedtak:

Styret godkjenner protokollane frå styremøte 1/12 og for styremøte 2/12 (telefonmøte). Alle styremedlemmane skrev under protokollane.

12/12 Investering i jernhest

Saksutgreiing – Kjøp av jernhest

Bakgrunn

Skålastiprojektet har gått til innkjøp av ein jernhest. Det er eit beltegåande motorisert transportreiskap som er veleigna til å transportere treverk, stein, grus og utstyr i kupert terreng der anna reiskap som til dømes ein traktor ikkje kjem fram. Skålastiprojektet har i sommar testa ut og brukt jernhesten til å køyre ut grus på stien oppover mot Skåla.

Skålastiprojektet ynskjer at jernhesten skal vere eit spleiselag der Skålastiprojektet bidreg med ein tredjedel, Jostedalsbreen nasjonalpark bidreg med ein tredjedel, og Naustdal-Gjengedal Ivo og Ålfotbreen Ivo i lag bidreg med siste tredjedelen. Alle eigarane vil ha fri tilgang til bruk av jernhesten.

Den formelle eigarskapen til jernhesten vert lagt til Statens naturoppsyn. SNO har mange andre maskiner, køyrety og utstyr, og har gode rutinar for stell og vedlikehald. Det er og ryddig at ein offentleg aktør som er samarbeider med både Skålastiprojektet og verneområdestyra, står som formell eigar.

Vurdering

Aktuell bruk og nytteverdi for Ålfotbreen landskapsvernområde er først og fremst ved arbeid på stiar. Jernhesten kan nyttast til transport av trekloppar, materialer og stein som skal nyttast i tilretteleggingsarbeid. Til dømes vil ein kunne frakte trekloppar over myrar nesten utan å setje spor etter seg i det heile.

Jernhesten er ein særskilt allsidig reiskap, som kan brukast til mange ulike ting i eit verneområde. Ein ser og for seg at ein kan stille opp med jernhest å hjelpe grunneigarar og brukarar med transport. Dette både for å vere serviceinnstilt overfor grunneigarar og brukarar, men også for å få skånsam transport.

Styret har fått bra med midlar til ulike tiltak i 2012, både over bestillingsdialogen og i tiltaksmidlar. Vi har også eit romsleg budsjett i år, men vi veit ikkje korleis dette vert framover. Det kan derfor vere lurt å i gjere investeringar no, som kan nyttast i fleire år framover.

Finansiering:

Jernhesten kosta kr 126.250,- ink mva + 2.718,- i frakt. Totalt kr 128.968,-

Skålastiprojektet: kr 42.990,-

Jostedalsbreen: kr 42.990,-

Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen kr 42.990,-

Skjerven som Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen eventuelt skal bidra med må delast mellom dei to styra. Ein må rekne med at Naustdal-Gjengedal vil nytte ein jernhest meir enn Ålfotbreen, då det er fleire stiar, fleire hytter og meir aktivitet i Naustdal-Gjengedal. Verneområdeforvaltaren føreslår at Naustdal-Gjengedal yter to tredjedeler og Ålfotbreen ein tredjedel av den felles skjerven.

Det vert då:

Naustdal-Gjengedal:	kr 28.660,-
Ålfotbreen:	kr 14.330,-

Styret for Ålfotbreen landskapsvernombordet kan hente desse midlane frå tiltaksmidlane sine. Her står det kr 80.000,- som ikkje er brukt og ikkje prioritert enno.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Styret for Ålfotbreen landskapsvernombordet går med i spleislag for å finansiere kjøp av jernhest, og blir med det medeigar i jernhesten og kan nytte denne fritt.

Styret for Ålfotbreen landskapsvernombordet går inn med kr 14.330,-, som er 1/9 av den totale kjøpesummen. Styret hentar desse midlane frå sine frie tiltaksmidlar for 2012.

Vedtak:

Styret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg.

13/12 Orienteringssak – Status på tiltak og prosjekt 2012

Verneområdeforvaltaren informerte styret om stoda på dei tiltak og oppgåver som er gjort eller skal gjerast i 2012:

- Merking med grenseskilt er nesten ferdig.
- Jordskifteretten skal gjennomføre juridisk grensemerking av knekkpunktene på vernegrensa. Dei ventar på flyver for å få gjennomføre dette.
- Stien Hope-Lavestenen. Verneområdeforvaltaren er i kontakt med Flora Turlag og grunneigarane i Hope. Vil truleg lage til ein avtale om merking og rydding av stien i løpet av hausten.
- Verneområdeforvaltar og SNO har vore på synfaring på dei ulike kaiene ved dei veglause gardane langs Nordfjorden. Dei vil sjå nærmare på kaia på Hyeneset og freiste å få til ei avtale med eigar, om tilgjenge for ålmenta.
- Det er gjennomført registrering av framande artar i verneområdet, med fokus på gran. Det skal takast ut gran ved Hyefjorden no i haust. Det er registrert eit felt med gran i Grøndalen.

Styret tok dette til orientering

14/12 Orienteringssak – Komande tiltak og prosjekt

Verneområdeforvaltaren orienterte om kva planer forvaltar og SNO har for tiltak og prosjekt framover:

- Framleis fokus på registrering og uttak av gran
- Få til avtale om ålmenta sin bruk av kai
- Stitiltak

Styret tok dette til orientering og kom med følgjande innspeil:

- Det vert etterlyst ein informasjonsfolder eller liknande. Både lokale og tilreisande har behov for å få informasjon om verne- og naturverdiar, verneføremål, friluftslivmogelegeheter mm.
- Tilrettelegging for friluftsliv med parkering- og toalettfasilitetar, godt merka og skilta stiar mm. er viktig.
- Informasjon om friluftsmogelegeheter på nettsida til Ålfotbreen.

15/12 Bestillingsdialog 2013

I løpet av hausten skal det sendast inn bestillingsdialog for 2013 til SNO sentralt.

Innspeil frå styret om aktuelle tiltak:

- Parkeringsplass med toalett ved Åskora i Ålfoten.
- Kartlegge og merke rute frå Åskora til Gjegnen. Ønske i frå Keipen turlag.
- Informasjonsfolder om verneområdet og turstiar.
- Kart med turstiar på nett.
- Det bør gjerst tiltak på den T-merka stien frå Åskora til Ålfotbreen.

Fått signal om at det bør gjerast utbetringar i starten av stien:

- problem med passering av elv ved høg vassføring
- glatte berg, ca 300 høgdemeter - ev sette opp steg

16/12 Ymse

- **Namneendring**

Direktoratet for naturforvaltning har pålagt styret å skifte namn. Ordet «verneområdestyret» skal vere med i namnet for å skildre kva type styre det er.

Verneområdeforvaltaren førebur dette som ei sak som kjem opp på neste styremøte med framlegg til nytt namn.

Adresseliste:

Ola Tarjei Kroken

Nina Klara Grotle

Bengt Solheim-Olsen

Anita Nybø

Kopi til:

Gunvor Sunde

Sogn og Fjordane fylkeskommune Askedalen 2

Bremanger kommune Postboks 104

Flora kommune Markegata 51

Direktoratet for naturforvaltning Postboks 5672 Sluppen

Bjørn Hollevik

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2

Gloppen kommune Grandavegen 9

Karl-Vidar Førde

Bente Halvorsen

SNO Sandane v/Rune Holen